



## Referat styringsgruppa 4. møte

**Dato:** 7. februar 2017  
**Møteleiar:** Eva Vinje Aurdal  
**Vertskap:** Sandøy kommune  
**Stad:** Sandøyhagen  
**Tid:** Kl. 10.10 til 15.00

### Deltakarar:

Kommune	Ordførarar og politikarar	Rådmenn	Tillitsvalde + HVO
<b>Sandøy</b>	Oddvar Myklebust (ordførar) Espen Myklebust Hildegard Maier Jessica Gärtner Åse Kristin Ask Bakke	Kim André Breivik (konstituert)	Laila Alvestad - Fagforbundet/LO
<b>Skodje</b>	Dag Olav Tennfjord (ordførar) Geir Ove Leite Kari Grindvik Terje Vadset Modolf Hareide	Bente Glomset Vikhagen	Ramona Pilskog - Delta/YS
<b>Ørskog</b>	Geir Peter Aure Frode Andresen Ola Kjetil Sjøholt Gert Rietman	Synnøve Vasstrand Synnes	Geir J. Skodje - UDF/Unio
<b>Ålesund</b>	Eva Vinje Aurdal (ordførar) Tore Johan Øvstebø Anne Kristin Bryne Monica Molvær (vara for Tvedt)	Astrid Eidsvik	Lindis Dalebø - Fagforbundet/LO
			Lars Marius Rindal - HVO (representerer alle fire kom.)
<b>Forfall</b>	Øystein Tvedt, Ålesund Geir Stenseth, Ålesund, ingen vara Karen S. Aanes, Ørskog, fritak, ingen vara		
<b>Prosjekt- medarbeidarar</b>	Prosjektkoordinator Anne Berit Støyva Emblem Kommunikasjonsansvarleg i prosjektet Anne Bente Skjellum Leiar delprosjekt personal og omstilling Roar Reiten		
<b>Eksterne/ inviterte</b>	I.P. Huse, Arnstein Lervik Harnesmyr Gard, Ann Elin Harnes		

- Leiar av styringsgruppa Eva Vinje Aurdal ønskte alle velkomne.
- Møteinnkalling, agenda og møtereferat 3. styringsgruppemøte vart godkjend.
- Ordførar i Sandøy Oddvar Myklebust ønskte alle velkomne til kommunen.  
Presentasjon av to lokale bedrifter i Sandøy kommune:
  - I.P. Huse v/Arnstein Lervik
  - Harnesmyr Gard v/Ann Elin Harnes

#### 10/17 Referatsaker

Leiar av styringsgruppa orienterte om status sidan sist styringsgruppemøte:

1. Fylkesmannen og KS Møre og Romsdal har invitert til konferanse 14.-15.3. i Ålesund - [link](#) til program og påmelding. Påmeldingsfrist er 20.2., den enkelte melder seg på sjølv.
2. 26 deltakarar frå nye Ålesund på KMD/KS-samling på Gardermoen 25.-26.1.17 - [link](#) til alle presentasjonane på ks.no.
3. Søknadsfristen på demokratistillinga i nye Ålesund var 6.2. (orientert om på førre møte), det er registrert 16 søkjarar.
4. Arbeidsutvalet hadde møte 2.2.17 - møtereferat er utsendt.

#### 11/17 Oppsummering KMD/KS-samling på Gardermoen

Eva Vinje Aurdal oppsummerte gruppearbeida i vår delegasjon. Ho konkluderte med at det gruppene kom fram til samsvarer med sakene på dette styringsgruppemøtet: prosjektplan, personal/arbeidsrett og kommunikasjon. Kulturbygging var det siste punktet, og dette vert særskilt tema på neste styringsgruppemøte.

Dag Olav Tennfjord gjekk nærare inn på presentasjonane om kulturbygging.

#### 12/17 Overordna prosjektplan, prosjektorganisering og framdriftsplan

Prosjektkoordinator Anne Berit S. Emblem innleia kort med generell prosjektteori og -begrep. Ho viste til DIFI-rettleiar for prosjektbygging i offentleg sektor - [link](#). Vidare viste ho til KMD-rettleiar for prosjektorganisering av kommunesamanslåing - [link](#), og trakk ut døme frå prosjektplanen til nye Asker (Asker, Hurum. Røyken) - [link](#). Første forslag til prosjektorganisering og framdriftsplan for nye Ålesund blei gjennomgått, desse skal jobbast vidare med i AU og rådmannsgruppe fram mot neste styringsgruppemøte.

Dag Olav Tennfjord gjorde framlegg i møtet om å styrke prosessleiarcompetansen i prosjektet. Grunngeving for framlegget: For å oppnå mål om likeverd, inkludering og bygging av tillit mellom kommunane som skal inngå i nye Ålesund kommune, er det viktig at vi har eit bevisst og aktivt forhold til prosessleiar. Det finst i dag mykje slik kompetanse i dei kommunane som inngår i prosjektet, men den er ikkje utan vidare tilgjengelig for prosjektorganisasjonen.

#### Vedtak:

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune tek presentasjonen av den førebelse overordna prosjektplanen til orientering. Overordna prosjektplan skal oppdaterast etter kvart som prosjektet endrar seg og vere fast punkt på agendaen til styringsgruppa.*

*Styringsgruppa vedtek å søke skjønnsmidlar frå fylkesmannen slik at ein kan frikjøpe personar i organisasjonane til å styrke prosessleiarcompetansen i kommunereformprosjektet.*

### **13/17 Delprosjekt 1: Personalmessige forhold**

Roar Reiten vert leiar for delprosjekt Personal og omstilling i nye Ålesund-prosjektet. Grappa har følgjande deltakararar: Roar Reiten - Ålesund, Mariann Husøy - Sandøy, Janette Steinvik - Ørskog, Malin Piegsa - Skodje, prosjektkoordinator tiltrer grappa.

Reiten orienterte om oppstart av arbeidet. Tilsetjing av rådmann for nye Ålesund vert prioritert. Det skal utarbeidast omstillingsplan og bemanningsplan, og tilsette skal innplasserast i ny organisasjon. Delprosjektet har også ansvaret for den nye kommunen som arbeidsgjevar, der eksisterande styringsdokument, rettleiarar, verktøy, særavtaler m.v. innan personalområdet i kommunane må samordnast.

#### **Vedtak:**

*Styringsgrappa tek presentasjonen til orientering.*

*Styringsgrappa for nye Ålesund kommune vedtek å opprette delprosjekt 1 Personal og omstilling/personalmessige forhold. Mandat for delprosjektet blir gitt i neste styringsgruppemøte.*

*Partssamarbeidet skal ivaretaast. Saker drøftast med tillitsvalde i samsvar med hovudavtalen og arbeidsmiljølova.*

### **14/17 Delprosjekt 2: Kommunikasjonsstrategi og -tiltak**

Anne Bente Skjellum vert leiar for delprosjekt Kommunikasjon i nye Ålesund-prosjektet. Grappa har følgjande deltakararar: Anne Bente Skjellum - Ålesund, Kristina Røyset Naas - Sandøy, Åse Karin Gjerde - Ørskog, Regine Bruteig - Skodje, prosjektkoordinator tiltrer grappa.

Grappa sitt utkast til kommunikasjonsstrategi og - tiltaksplan var sendt ut på førehand. Styringsgrappa arbeidde i fem grupper for innspel til dokumenta. Innspela vert sendt til arbeidsgrappa for vidare bearbeiding.

#### **Vedtak:**

*Styringsgrappa tek presentasjonen til orientering.*

*Resultata av gruppearbeida i møtet vert oversendt delprosjektet for innarbeiding i revidert strategi og tiltaksplan.*

*Styringsgrappa for nye Ålesund kommune vedtek å opprette delprosjekt 2 Kommunikasjon. Skriftleg mandat for delprosjektet blir gitt i neste styringsgruppemøte.*

*Styringsgrappa vedtek å opprette ein felles nettportal der all ekstern og intern informasjon om prosessen fram mot 2020 vert samla.*

### **15/17 Delprosjekt 3: Kartlegging interkommunalt samarbeid som grunnlag for framtidig eigarstrategi**

Det visast til sak 06/17 om oppretting av arbeidsgruppe som skal kartlegge interkommunalt samarbeid som grunnlag for framtidig eigarstrategi i nye Ålesund kommune.

Prosjektkoordinator orienterte kort om oppstartsmøtet i delprosjektgrappa fredag 3.2. Grappa har følgjande deltakararar: Sally Bergtun - Sandøy, Hilde Sjørdal - Ørskog, Kristian Skålhavn - Skodje, Ronny Frekhaug - Ålesund, Tore Hals og Anne B. Emblem - nye Ålesund. Grappa bygger vidare på kartlegging gjennomført i Ålesund 2016 der dei andre kommunane fyller på med sine samarbeid. Grappa vil gå nærare inn på kartlegging av utvalde samarbeid.

**Vedtak:**

*Styringsgruppa tek presentasjonen til orientering.*

*Styringsgruppa for nye Ålesund kommune vedtek å opprette delprosjekt 3 Interkommunalt samarbeid. Skriftleg mandat for delprosjektet blir gitt i neste styringsgruppemøte.*

**Førebels agenda til neste møte i styringsgruppa:**

- Tid: NB! Grunna møtekollisjon vert truleg styringsgruppemøtet flytta fram til måndag 13.3.
- Stad: Skodje
- Aktuelle tema:
  - Delprosjekt Kulturbygging og verdiar særskild tema
  - Oppdatert prosjektplan for nye Ålesund kommune 2017-2020, organisering av delprosjekt og skriftlege mandat til delprosjekt 1 til 4.
  - Om fylkesmannen og KS si samling i Ålesund 14.-15.3.
  - Ny signering intensjonsavtale? Eventuelt etter påske.

Anne B. Støyva Emblem  
referent

**Vedlegg til referatet – powerpointpresentasjonar i møtet:**

- Presentasjon lokale verksemder:
  - I.P. Huse v/Arnstein Lervik
  - Harnesmyr Gard v/Ann Elin Harnes
- Presentasjon i sak 12/17 v/prosjektkoordinator
- Presentasjon i sak 13/17 v/delprosjektleiari Personal og omstilling
- Presentasjon i sak 14/17 v/delprosjektleiari Kommunikasjon
- Presentasjon i sak 15/17 v/prosjektkoordinator